



NVE

Saksbehandler Magnus Snøtun

Vår ref. 2017/7736-3
PRIMÆRKLASSERING

Dykkar ref.

Dato 12.12.2017

Jotunheimen nasjonalpark - Fornyelse av Fortun-Grandfasta-reguleringene - høyringsfråsegn

Viser til mail datert 06.12.17 med utsetting av høyringsfristen til 15.desember.

Jotunheimen nasjonalpark vart oppretta i 1980, fleire år etter utbygginga av Fortun-Grandfasta. Grensene for nasjonalparken er trekt oppstraums ulike bekkeinntak då tekniske installasjonar knytt til vasskraftanlegg ikkje kan innlemmast i nasjonalpark etter naturmangaldslova §35 (tidlegare naturvernlova). Dermed er ikkje nedbørsfeltet og vassføringa innanfor verneområdet påverka av reguleringa.

Tiltak utanfor verneområdet kan likevel påverke verneverdiane og etter §49 i naturmangfoldslova skal det tas omsyn til dette: «*Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår.*».

Verneverdiar som landskap og villrein blir påverka av både tekniske installasjonar og inngrep. Både konkret utforming av installasjonar, plassering i terreng og bruk av desse påverkar verneverdiane. For Jotunheimen nasjonalpark gjeld dette bekkeinntaka Murane, Austabotn, Berdalen, Ringsdalen, Skagadalen, Steindalen og Helgedalen.

For seinare prosessar er det ønskeleg at verneområde som ligg så tett på reguleringsanlegg vert involvert i høyringsrunden ved reguleringsrevisjonar. Grunna kort frist er det ikkje mogleg å legge høyringa fram for behandling i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen som er forvaltningsmyndigheit for verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark. Denne fråsegna er derfor utforma av sekretariatet og er konsentrert om avbøtande tiltak knytt til konkrete verneverdiar.

Ny verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark vart fastsett ved kgl.res. 14.desember 2014 med heimel i naturmangfaldslova. Verneformålet med verneverdiane er lista opp i §1:

§ 1. Formål

Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*



- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- *Særprega geologiske førekomstar*
- *Leveområde for villreinen*
- *Kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Punkt 7.4 – Reinsdyr

Som fråsegna frå Villreinnemnda i Sogn og Fjordane datert 06.12.17 påpeikar er Vest-Jotunheimen villreinstamme større enn det som går fram av søknaden og rapporten. Som fråsegna også påpeikar er villreinen sin bruk av område varierende med årstid og over lengre tid. Villreinen er eit verneformål for nasjonalparken og dermed kan tiltak som påverkar villreinen utanfor verneområde, påverke verneverdiane nasjonalparken. Villreinarealet i nasjonalparken er hovudsakleg knytt til vinterbeite for heile flokken og sommarbeite for bukkar. Det er fleire viktige trekkruiter gjennom nasjonalparken.

Viser til fråsegna frå Villreinnemnda i Sogn og Fjordane for effektane av reguleringa utveksling mellom Ottadalen-stammen og Vest-Jotunheimen-stammen på Sognefjellet og viktigheita av trekket som kryssar Styggedalen og Ringsdalen.

I forvaltningsplanen for Jotunheimen og Utladalen er Hurrungane (sør for Helgedalen, Keisarpasset og Gjertvassdalen) definert som ei sone med liten grad av tilrettelegging. Her har det tradisjonelt vore lite tilrettelegging og merka stiar har blant anna blitt fjerna (Midt-Maradalen til Vormeli og Gjertvassdalen). Det er ikkje T-merka stiar i dette området. Anleggsvegen inn Ringsdalen vart bygd inn til eit tidleg slamfanganlegg i Ringsdalen oppstrøms bekkeinntaket. Dette er ikkje i bruk lenger og veggen har ingen praktisk funksjon for regulanten. Det er naturleg at regulanten rydder opp etter eit slikt forsøk og tilbakefører tiltaket i elva og veggen når det ligg så tett opp mot nasjonalparken og ei sone som skal haldast fri for tilrettelegging. Veggen opnar opp for telting i ei viktig trekkruite for villreinen. Det bør hindrast vegtilkomst for vanlege besøkande dersom veggen opp til bekkeinntaket skal oppretthaldast.

Punkt 7.5 – Landskap

Delområde Turtagrø med Helgedalen har stor betydning for Jotunheimen nasjonalpark. Sjølv om vernegrensa i hovudsak ligg utanfor det som er definert som dette landskapsrommet, strekker det seg inn i mot eit av dei mest alpine og storslagne fjellområde i landet. I landskapsrapporten er delområde vurdert å ha stor verdi. For dei fleste besøkande til denne delen av nasjonalparken, startar turen nede ved Turtagrø og påverkar deira oppleving av landskapet. Viser til avbøtande tiltak som tilrådd i rapport om landskap, friluftsliv/reiseliv og naturmangfold frå Multiconsult.

Dei fleste massedeponi i delområde har eller er i ferd med å gro att og bør ligge i ro. Veggen inn Helgedalen er eit framandelement som vere så lite synleg som mogleg. Tiltak i vegkantane og skråningar bør vurderast.



Det deponiet som er mest skjemmande per i dag er lagring av slam som jamnleg har blitt fylt på frå slamfanget i Styggedalen (ikkje omtala i landskapsrapporten). Her vart det tidlegare deponert massar innanfor vernegrensa, men seinare deponering er lagt på utsida. Slike deponi er eit framandelement, særleg når det skal fyllast på regelmessig, og må tilpassast planmessig. Det inkluderer også ein plan for maksimal utstrekking og volum. Ein slik plan må også innhalde vurdering av uttransport av framtidige massar. Planen må også ta omsyn til og legge til rette for det viktige villreinrekket som går over her (sjå avbøtande tiltak for villreintrekket ved slamdepotet i rapport om villrein og villrein (Naturrestaureringsrapport nr: 2016-03-02)).

Punkt 7.6 og 7.7 – Friluftsliv og turisme

Sognefjelletsvegen og Tindevegen er viktige for reiselivet både regionale og nasjonalt. Dette er også startpunkt for utøving av friluftsliv i eit av dei mest spektakulære fjellområda i landet. Tilbakeføring av tidlegare inngrep (Ringsdalen), plan for utbetring av eksisterande inngrep (anleggsveger og deponi i Styggedalen) og slipping av minstevassføring, vil heve opplevinga for dei mange tusen besøkande til dette område kvart år.

Med helsing

Magnus Snøtun
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi per e-post til:

Luster kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Oppland